

Ja til ei positiv utvikling i strandsona forankra i gode lokale planar.

Hordaland Senterparti oppmodar regjeringa om ikkje å plassera heile hordalandskysten i den strengaste kategorien i forskrifta for differensiert strandsoneforvaltning.

Regjeringa må snu kraftig om på retningslinene for strandsoneforvaltning som Miljøverndepartementet sende på høyring i sommarferien 2009. Ved å innføra regelverket for Oslofjorden for nesten heile kysten i Hordaland hindrar ein utvikling i kystkommunane. Hordaland Senterparti kan ikkje godta dette.

Det er store skilnader i fleire kommunar mellom tettbygde strok og utkantane når det gjeld bruk av strandsona. Vi krev difor at kommunane må få større mynde til å vurdere dei lokale tilhøva. Kommunestyra må gjennom arealplanane kunna plassera strandsona i ulike forvaltningskategoriar.

Kommunane i Samarbeidsrådet for Sunnhordland har gått saman om eit prosjekt for å utarbeida ein felles regional strategi for strandsona. Kommunane ynskjer gjennom dette prosjektet aktivt å bruka strandsona for å gjera kommunane attraktive med tanke på bustadbygging, næringsutvikling og friluftsliv.

Senterpartiet oppmodar regjeringa om å godkjenna søknaden frå Samarbeidsrådet om å verta pilotregion for differensiert strandsoneforvaltning.

Hordaland Senterparti